



1 TERTIAL 2017



Framlegg i frå rådmannen mai 2017

Innholdsliste

Økonomisk oversyn	4
SKATT OG FINANS.....	8
INVESTERING	10
PLASSERINGANE	11
Tilsyn.....	12
Avvik	13
Sjukemeldingar/Arbeidsmiljø	15

Økonomisk oversyn

Einingar	Oppr. budsj.	Reg.budsj.	Rekneskap	Avvik Regulert budsj. -rekneskap
Form.sk/K-styre	1.781	1.781	1.338	443
Levekår	148	148	5	143
LMT	183	183	33	150
Rådmannen	22.561	21.036	17.042	3.994
Herav avs. lønsauke		(0)		
OPPVEKST	(35.477)	(35.792)	(32.608)	(3.184)
Overordna oppvekst	3.472	3.335	2.170	1.165
PPT	1.062	1.456	1.431	25
Stølane b arnehage	1.842	1.404	1.363	41
Kjølvikstølen barnehage	582	771	769	2
Vinjar barnehage	2.372	2.593	2.562	31
Sand barnehage	3.734	3.861	3.838	23
Erfjord skule	1.926	1.935	1.796	139
Marvik skule	1.390	1.395	1.315	80
Sand skule	9.702	9.847	9.578	269
Vinjar skule	3.783	3.963	3.974	-11
Jelsa oppvekstsenter	1.970	2.026	1.915	111
Nesflaten oppvekstsenter	1.997	2.000	2.189	-189
Vanvik oppvekstsenter	1.320	1.300	1.306	-6
Gullingen leirskule	410	-9	832	-841
Introsenteret i Suldal	-85	-85	-2.430	2.345
HELSE OG OMSORG	(48.385)	(51.399)	(51.420)	(-21)
Overordna helse og oms.	1.134	1.499	1.320	179
NAV	2.110	2.110	970	1.140
Barnevern	2.939	3.106	3.705	-599
Sjukeheimen	14.247	14.080	14.159	-79
Helse	6.563	7.321	8.669	-1.348
Sand bu- og omsorgssenter	6.676	6.762	6.346	416
Jelsa bu- og omsorgssenter	3.057	3.039	3.095	-56
Vinjar bu- og omsorgssenter	5.074	4.999	4.960	39
Suldal bu- og aktivitetstilbod	6.585	8.483	8.196	287
BY, TEKNISK DRIFT, KULTUR	(18.632)	(20.692)	(18.720)	(1.972)
Overordna BY,TD og kultur	-425	-5	0	-5
Bygdeutvikling	3.071	3.071	2.112	959
Kultur	5.191	5.191	4.501	690
Teknisk drift	10.795	12.435	12.107	328
SAMLA SUM	127.167	131.031	121.166	9.865

Tabellen er inkl. bruk og avsetjing til fond innafor tenestene.

Felles

Innsparing stillingar i 2017

Område	Start sparing	Vedteke sparing prosent	Spara prosent	Kommentarar
Rådmann				
	01.01.2017	50	130	Resterande 20% spart frå 01.01.18
	30.04.2017	100		
Spara i kroner	01.02.-11.08.			40% stilling i tidsrommet
		150	130	
Oppvekst				
	01.01.2017	100	100	
	31.08.2017	150		Mot meir statleg støtte
		250	100	
Helse og omsorg				
	01.01.2017	200	190	
	01.03.2017		10	
		200	200	
Teknisk drift/BY/Kultur				
	01.01.2017	100	100	
	31.08.2017	50		
	31.08.2017	100		
Spara i kroner	01.04.-31.12.			80% stilling i tidsrommet
		250	100	
SAMLA		850	530	

Så langt som ein er kjend med er innsparingane i rute.

Kommunen har motteke pensjonskrav frå KLP på kr. 789.000,- inkludert arbeidsgiveravgift. Kravet kjem etter at kommunen har tapt ei pensjonssak. Summen vert i tertialrapporteringa føreslått finansiert med bruk av AFP-fond.

Politisk

Overskottet skuldast i hovudsak:

- * ikkje utbetalte honorar
- * Ikkje utbetalt partistøtte
- * Unytta reservepostar

Dette vil jamna seg ut over året

Rådmannen

Rådmannen har eit positivt avvik på nær kr. 4 mill. Noko av avviket kjem frå mindre utbetalt tilskot enn forventa pr. 1. tertial. Tilskota gjeld næringsutvikling, Ryfylkemusèet og

Kyrkja (kjøp frå Teknisk Drift). Av næringsutviklingsmidlane er det løyvde tilskot for kr. 350.000,-, men desse er ikkje kome til utbetaling pr. 1. tertial.

Dette vil jamna seg ut til 2. tertial.

Det er unytta budsjettmidlar til lærling (utbetaling varierar etter kvar dei er komne i lærlingeløpet)

Det er så langt i år nytta mindre enn budsjettert til opplæring, velferd og påskjønning.

Budsjetterte midlar til seniorpolitiske tiltak er ikkje fordelt til einingane.

I tillegg er det midlar att til AFP-pensjon grunna etterskotsvis betaling til KLP.

Som omtalt i årsrapport 2016 er det budsjettert med utgifter frå overgangen

mellom ERV og Visma. Dette er ikkje redusert i budsjett, og utgjør ein reduksjon på kr. 440.000,-. I tillegg er utgifter og inntekter frå kommunesamarbeidet tekne med, desse utgjør ein reduksjon i inntekter på kr. 140.000,-. Det vert i 1. tertial føreslått å redusere utgiftene på felles IT med netto kr. 300.000,-.

Rekneskapet til utleigebilane er ikkje fordelt. (utgiftsført 102.000)

NAV

Eininga har midlar att etter første tertial. Det er lønsmidlar att, dette skuldast at me ikkje har motteke faktura frå staten. Det er heller ikkje sendt faktura frå kommunen innan utgongen av 1.tertial. Det er motteke kr. 800.000,- i Husbanktilskot, desse er det ikkje budsjettert med.

Oppvekst overordna

Det er midlar att etter første tertial. Ein har motteke statlege midlar til styrking av småskuletrinnet for heile året. Det er også midlar att på skuleskyss.

Interkommunalt PPT kontor Suldal og Sauda

Det er frå 01.03. interkommunalt PPT kontor mellom Suldal kommune og Sauda kommune. Det er budsjettregulert tilsvarande Sauda sitt utgiftsbudsjett for dei 10 siste mnd i 2017, og med same sum som refusjon frå Sauda.

Erfjord skule

Skulen vil til hausten få ei auke i elevtalet, og behov for ein del nye elevmøbler og skulebøker vil auka. Overskotet så langt i år vil gå med til desse utgiftene, samt det me har ståande på fond.

Nesflaten oppvekstsenter

Dei fire første månadane har lærarar fått kompensert litt ekstra for å ha ansvar for dagleg drift då einingsleiar sa opp frå januar. I tillegg vil ein ha utgifter grunna overlapping i stilling. Det vert i tertialrapporten føreslått tilført kr. 200.000,-. Ny einingsleiar er på plass frå 1.mai.

Gullingen leirskule

Det er lønsmindlar att så lang, grunna at ein har halde att litt av ressursen frå lærarstillingar i permisjon utan løn. Refusjonskrav for undervisning til brukarkommunane er forseinka, men middel i tråd med budsjett kjem inn i byrjinga av juni.

Introsentert i Suldal

Eininga har overskot etter første tertial. Inntektene er høgare enn budsjettert. Det kjem av at alle som skal busetjast i 2017 blei busett i løpet av mars. Heile år 1-tilskotet for desse er inntektsført. Tidlegare har ein fordelt busettingane utover året.

Det er overforbruk på løn samanlikna med budsjettet med om lag 250 000 kr. For å minske overforbruket vil me vera meir restriktive med å setja inn vikar når lærarar er sjuke, og heller slå saman klassar eller la elevane jobba sjølvstendig med PC eller anna. Det er nytta 55% stilling som programrådgjevar som ikkje er budsjettert.

Det er og eit stort overforbruk på tolketenester samanlikna med budsjett. Behovet for tolking er større når talet på deltakarar går opp. Det er og fleire einingar som har blitt flinkare til å bruka tolk. I tillegg har Introsenteret brukt meir oppmøtetolk og omsetjing av dokument enn tidlegare, for å spare tida til dei tilsette, og for å sikra betre kvalitet på informasjonen me gir.

I busettingsperioden brukte me veldig mykje tolk, då me busette fleire familiar som ikkje kunne noko norsk i det heile då dei kom. Tolkeforbruket kjem derfor ikkje til å halda fram på like høgt nivå resten av året. På lang sikt ønskjer med å oppmoda flyktningar busett her til å utdanna seg til tolkar. Det vil og redusera utgiftene våre til oppmøtetolking.

Barnevern

Eininga har pr. 1. tertial eit overforbruk. I budsjettarbeidet vart det lagd inn nedtrapping på enkelte tiltak, men dette har ikkje lete seg gjennomføre. Det er vanskeleg å kunne forutsjå alle utgiftene til barnevernsarbeidet. Desse er lovpålagde oppgåver som ikkje let seg avvise.

Barneverntenesta har lovnad om øyremerkamidlar til ein stilling, desse er ikkje mottekne pr. 1. tertial.

Helse

Helse har eit underskot på vel 1,3 mill. kroner. Det har vore 3 fast tilsette legar ute i permisjon/sjukemelding i perioden, og det er nytta dyrt vikarbyrå for å dekkja opp dette. Utgifter til vikarbyrå etter inngått avtale er 2 mill. kroner (slutt juni 17). På legevakt er det eit underskot på vel 0,2 mill. kr. grunna vikarutgifter som ikkje blir dekt av refusjonsordningar. Det vert i tertialrapporten føreslått tilført kr. 1.450.000,-.

Vinjar bu- og omsorg

Eininga har hatt 5-6 ledige rom. Det har vore leiga ut dei fire stengte romma til flykningar. Frå mars er der ingen leigeinntekter. Dette fører til ei manglende inntekt på over kr. 200.000,- dei neste 10 månadane. Frå Statens vegvesen har me leigeinntekter til ut juli.

VBO er i balanse nå men kjem til å få manglende inntekter på grunn av tapt husleige, praktisk bistand og straum utgifter på dei ledige rom/leilighetene.

Suldal bu- og aktivitetstilbod

Overskot på om lag kr. 300.000,- kjem i hovudsak av ubrukte lønsmidler på grunn av vakanse og ikkje innleige vakter ved sjukdom. Det er for 2017 redusert tal årverk grunna mindre refusjon ressurskrevjande brukarar. Dette er allereie innarbeida i regulert budsjett, og vert vidareført i 2018.

Arbeider med midlertidig avlastingsbustad for brukar. Det er avsett hus og turnusarbeidet er i gong. Det blir her bruk for medleverturnus for å få best mogleg stabilitet rundt brukar, dette inneber eit behov for 4 nye heile stillingar (årsverk). Ei av stillingane er knyta opp mot SFO. I tillegg kjem utgifter til husleige, straum og mat/hushaldningsartiklar. Frå og med august og ut året er behov for å styrkja budsjettet med netto kr. 650.000,- (Utgifter kr. 1.173.000,- og inntekter kr. 520.000,-). Det vert i tertialrapporten føreslått tilført kr. 650.000,-.

Det arbeidast med ny avlastingsbustad, denne er planlagt i forlenging av Suldal dagsenter. Forslag til endra byggeteikningar pga. utvida behov er sendt inn, forventta svar i slutten av mai.

Kultur

Kultur har eit ganske stort overskot, men ingen uventa avvik.

Sjølve drifta går nokolunde i balanse. Eit stort overskot på kino rettar opp underskot på bowling og kulturhus. Dette varierer mykje gjennom året. Me har vakanse på stillingar både på bibliotek og kulturskule pga sjukmelding og permisjon. Dette vil avhjelpa

situasjonen med årsverksreduksjon frå 01.08. Store utbetalingar og refusjonar kjem ein eller få gonger årleg, og gir store utslag.

Teknisk drift

Eininga har frå 1. februar krevd inn kaiavgift. Det er så langt krevd inn kr. 11.000,-.

Kort oppsummert, sjølve drifta

	Kroner
Meirutgifter:	
Auke pensjonsutgifter	789 000,-
Meirutgifter løn, Nesflaten oppvekstsenter	200 000,-
Bruk av vikarbyrå lege, Helse	1 450 000,-
Avlastingstilbod brukar, Suldal bu- og akt.	1 170 000,-
Mindre utgifter:	
Utgifter overgang ERV	440 000,-
Mindre inntekter:	
Kommunesamarbeid IT	140 000,-
Meir inntekter:	
Refusjon ressurskrevjande brukarar	520 000,-
Bruk av fond:	
Bruk av AFP-fond	789.000,-

SKATT OG FINANS

Sal av konsesjonskraft 1. tertial (heile tusen)

År	Januar	Februar	Mars	April	Sum 1. tertial	Sum årsrekneskap	Reg. årsbudsjett
2011	5.169	4.246	4.299	2.675	16.389	27.581	17.000
2012	2.157	2.725	1.257	1.176	7.315	14.756	14.250
2013	2.561	2.202	2.751	2.549	10.063	22.015	18.900
2014	1.795	1.583	1.188	637	5.203	12.336	16.550
2015	1.845	1.505	1.144	922	5.416	8.449	10.100
2016	1.645	766	981	831	4.223	13.425	11.000
2017	2.045	1.894	1.908	1.419	7.266		11.000

Nivå for 2017 ser pr. i dag ut til å bli kr. 16,5 mill. (mai – desember vert då lik som 2016). Dvs. meir inntekt ved årsslutt om lag kr. 5,5 mill.

Vedtak i kommunestyret, sak 95/16. Gevinst ved sal av konsesjonskraft utover 11 mill.kr. skal først nyttast til å erstatta fondsbruken i budsjettet inntill denne er dekkja opp. Inntekter utover dette skal nyttast etter kommunestyrevedtak 80/14 og 130/15.

Dette kjem ein attende til i 2. tertialrapport.

Skatt forskottspliktige og etterskottspliktige (heile tusen)

	Januar		Februar		Mars		April		Sum 1. tert.		Reg. års-bud
	Forskot Skatt private	Ettersk. Natur-ress. skatt	Forskot Skatt private	Ettersk. Natur-resskatt	Forskot Skatt private	Ettersk. Natur-resskatt	Forskot Skatt private	Ettersk. Natur-ress. skatt	Forskot Skatt private	Ettersk. Natur-resskatt	
2013	10.302	0	2 77	22.587	14.573	-45	503	22.361	25.655	44.903	Budsj.132.000 Rekn. 129.670
2014	10.861	4	172	22.491	13.957	-161	540	22.351	25.530	44.685	Budsj.131.500 Rekn. 128.926
2015	9.941	-7	366	22.110	15.112	108	524	22.085	25.943	44.296	Budsj.133.800 Rekn. 135.306
2016	10.926	0	471	21.143	15.937	116	391	19.910	27.725	41.169	Budsj.132.800 Rekn. 140.175
2017	11.657	3	183	23.545	16.101	67	326	23.187	28.267	46.802	Budsj.137.800

Samla skatt noko over budsjettet. Forskottspliktige er i tråd med budsjettet. For etterskottspliktige samla for året ligg ein om lag kr. 2 mill. over budsjettet.

Rammetilskot (heile tusen)

År	Januar	Februar	Mars	April	Sum 1. tertial	Sum års-rekneskap	Reg. års-budsjett
2013	11.969	11.969	12.861	0	36.799	98.841	96.354
2014	12.995	12.995	13.624	0	39.614	110.159	106.354
2015	12.765	12.765	14.371	0	39.901	107.715	107.375
2016	13.154	13.154	14.171	425	40.904	112.780	111.858
2017	13.254	13.254	14.396	0	40.903		112.907

Rammetilskot 1. tertial i tråd med budsjettet.

Eigedomsskatt

	Rekneskap	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Prognose
<i>i heile tusen</i>	2015	2016	2016	2017	2017
Eigedomsskatt	114 421	117 151	113 000	102 800	105 800

I budsjettet for 2017 meldte me om ein vesentlig nedgang i eigedomsskatteinntektene grunna lågare verdsetting av kraftverka. Det er inga endring på det punktet. Eigedomsskatt i frå kraftverka gjekk ned i frå kr. 103 millionar i 2016 til kr. 92 millionar i 2017.

Det ser ut som me kan få inn meir i eigedomsskatt enn budsjettet grunna høgare takst på nettanlegg. Verdien på Englands kabelen har taksator vurdert høgare enn budsjettet i 2017 (anlegg under bygging). I tillegg så har takstgrunnlaget til linjene og Saurdal Trafostasjon blitt oppjustert i 2016 og 2017. Statnett har klaga på takseringa av linjenettet. Me har utsett handsaming av klagen til høgsterett har handsama «Statnett-saka», som skal opp i høgsterett i juni. Kommunane og Statnett er ueinig i korleis berekne frådrag for «slit, elde og utidsmessigheit». Dersom Statnett vinn i høgsterett, så må me taksere linjene på nytt. Uavhengig av resultatet i høgsterett, så trur me at me vil inn meir i eigedomsskatt enn budsjettet. Endeleg resultat føreligg fyst i 2. tertial.

Næringsfondet

I første søknadsomgang pr. 1. januar vart det disponert kr. 500.000 av budsjettet på kr. 3 mill.

Til andre søknadsomgang er det kome inn 7 søknader.

Desse representerer beløp på om lag kr. 4,5 mill.

Av ramma på kr. 3 mill for 2017 er til disposisjon kr. 2,5 mill.

Ramma skal også ta høgde for siste søknadsomgang pr 1. september.

Det vert det føreslått tilført kr. 3 mill i 1. tertialrapport til støtte / lån for 2017.

Saldo på fondet var pr. 31.10.2016 kr. 23.203.440

Saldo på fondet var pr. 31.12.2016 kr. 26.680.204

Differansen skuldast at lån vart løyst inn i si heilheit mot slutten av 2016.

Føreslått auke i støtte/utlån vert finansiert ved å nytta midlar frå fondskapitalen.

Kort oppsummert:

Auke i budsjetterte inntekter for naturressursskatt med kr 2 mill. vert nytta til å finansiera auken i utgifter i drifta.

Auke i utlånsramma for Ulla Førre Næringsfond med kr 3 mill. mot bruk av bundne fond Ulla Førre Næringsfond, fondskapitalen.

INVESTERING

Sjå eigen rapport og oversyn.

PLASSERINGANE

Aktiva fordelt på forvaltar og klasse

Forvaltar	Marknadsverdi	Marknadsverdi	Avkast. i %	Bench- mark
	01.01	30.04		
Bergen Capital Management				
Bankinnskot	4 829 653	1 040 957		
Aksjar	18 689 871	17 989 501	4,7	2,7
Obligasjonar	80 263 300	86 688 039	0,9	0,6
Sum	103 782 824	105 718 497		
Sparebank 1 SR-Forvaltning				
Bankinnskot	285 681	377 294		
Aksjar	7 866 241	8 021 931	3,95	2,7
Sum	8 151 922	8 399 225		
Totalt	111 934 746	114 117 722		

Avkastning

Gjennomsnittlig avkastning på aksjar og obligasjonar 1. tertial var på 1,79 %. Bankavtalen har i same periode gitt ei avkastning på 2,24 %. Gjennomsnittlig avkastning i aksjar er 4,47 %, mens ein på obligasjonar har hatt ein avkastning på 0,9 %. Dette gir netto ein avkastning på om lag NOK 6,2 mill. Suldal kommune har budsjettert med 1,5 mill i kursavkastning. Referanseindeksen har ein avkastning på 2,7 % for aksjar, og 0,6 % for sertifikat/obligasjonar. Samla gjev referanseindeksen ei avkastning på 1,12 %.

Stresstest

Ein reduksjon i aksjemarknaden på – 30%, og auke i rentenivå på 2% vil medføre ein endring i verdien på NOK 9,02 mill. Rente-/kurs-regulering fond er pålydande NOK 10,6 mill.

Risikorammer

Det er ingen avvik mellom risikorammer og faktisk forvaltning. Av den totale portefølje er 1,24 % plassert i bank, 75,97 % i risikoklasse 2 (sertifikat/obligasjonar), og 22,79 % i risikoklasse 5 (aksjer). Grensa er 100% for risikoklasse 2 og 50% i risikoklasse 5.

Opptak av lån

Långjevar	Gjeld 01.01	Gjeld 30.04	Rente i gj.snitt pr 30.04 i %	Ant lån
Husbanken	4 105 200	4 391 100	1,31	4
KLP	50 586 600	49 159 750	1,71	3
Kommunalbanken	219 404 560	214 362 090	1,70	13
Totalt	274 382 260	267 627 040	1,76	20

Ingen lån har rentebinding. Det er ikkje opptak av nye lån i perioden.

Tilsyn

Sand skule

Fylkesmannen har varsla felles nasjonalt tilsyn 2015-2017, der temaet er delt i fire hovudområde:

- Skulen sitt arbeid med eleven sitt utbytte av undervisninga/opplæringa
- Forvaltningskompetanse (sakshandsaming)
- Skulebasert vurdering (organisering, tilrettelegging, gjennomføring osv.)
- § 13-10 (går på skuleeigar)

Sand skule har fokus på desse områda.

Jelsa oppvekstsenter

har hatt leikeplasskontroll av kommunen sine kontrollørar. Det er gitt nokre avvik som blir arbeidd vidare med. Ingen andre tilsyn er melde.

Teknisk drift

Det er gjennomført årleg tilsyn på leikeapparat på skular og barnehagar i eigenregi. Folk frå driftsavdelinga har tileigna seg kompetanse til å gjennomføre tilsyn og har gjennomført første runde tidleg vår 2017. Det føregår no retting av avvik.

Vinjar barnehage

Ingen tilsyn er varsla dette året. Men me har hatt kontroll av uteleikeplass i barnehagen, i april 2017. Der vart det avdekka nokre avvik som er under behandling.

Vinjar skule

Vinjar skule hadde 24.mars tilsyn med uteområdet, gjort av teknisk avd. Uteområdet

er blitt vesentleg oppgradert etter ombyggingen, men tilsynet hadde likevel litt å kommentere (sjå avvik)

Suldal sjukeheim

Mattilsynet har vært på kontroll. Elles ingen tilsyn denne perioden.

Jelsa bu- og omsorgssenter

Tilsyn av mattilsynet. Fekk avvik på kjøledøra og manglande oppdatering av interkontrollrutinane våre (IKT mat). Begge avvik er retta opp innan fristen.

Vinjar bu- og omsorg

VBO har hatt tilsyn av mattilsynet. Det er ikkje melde inn fleire tilsyn.

Kjølvikstølen barnehage

Det har vore tilsyn Miljøretta helsevern . Det er varsla kommunalt tilsyn hausten 2017.

Vanvik oppvekstsenter

Det er gjennomført eit kommunal tilsyn i barnehagen. Det blei avdekka ein del mindre avvik som me har fått pålegg om å retta opp i innan første halvdel av 2017. Desse er nå sendt til godkjenning. Nyleg blei det også gjennomfør tilsyn på leikeplass. Men rapporten her er ennå ikkje klar.

Avvik

NAV Suldal

I handlingsprogrammet punkt 3. 3.2. står det at ein skal vurdere vertskommune samarbeid med Nav for Sauda og Suldal. Denne vurderinga er no gjort og styringsgruppa har vedteke nytt mandat.

Det nye mandatet er :

«Det skal etableres et felles statlig tjenesteområde for Indre Ryfylke.

Det skal utredes hvorvidt det det finnes kommunale fagområder i Nav som kan styrkes gjennom annen type samarbeid enn vertskommunemodellen. Foreslå hvilke områder det kan være og hvordan det evt. skal gjøres.

Man skal beholde prosjektorganiseringen ut perioden. Prosjektet skal avsluttes 31.12.2017.

Det skal lages en møteplan som sikrer at styringsgruppa er tett på prosjektet.»

Erfjord skule

Skulen har hatt litt avvik/ meldingar den siste tida på at skulen står ulåst eller at vindaugene står opne på kveldstid/ helgar. Me går jamleg gjennom rutiane med dei tilsette, men må bli flinkare til å formidle låserutinar til vikarar som er inne.

Skulen har fått inn eit avvik som med har ferdigbehandla og lukka.

Som skule så merkar med at det i periodar med høgt sjukefråvær og mangel på personalet, førar til fleire små brot på rutiane våre og at informasjonen frå leiar og nedover vert vanskelegare å oppretthalde når leiar vert gåande mykje som vikar.

Sand skule

Det har vore 13 melde avvik denne perioden i det elektroniske systemet. Alle avvik er behandla, det er sett inn tiltak i dei enkelte sakene. Avvika er knytt til åtfærd i klasseromma, vikarsitasjon og utfordringar med å få it- systemet til å fungere.

Skulen har i denne perioden ikkje skrive enkeltvedtak som gjeld krenkjande åtfærd (§9a i opplæringslova)

Jelsa oppvekstsenter

Låserutinar er eit tilbakevendande tema. Noko av dette skuldast brukarar på kveldstid, spesielt i gymsal avdelinga. Elles er det ingen avvik.

Barneverntenesta

Ingen fristoversittingar ved gjennomgong av meldingar eller undersøkingar i første kvartal 2017.

Suldal bu og aktivitetstiltak

I perioden 01.01.- 30.04.17 er det meldt inn 47 avvik av ulik alvorsgrad. Dei fleste avvika gjeld prosedyre/rutine/retningsliner. Det er meldt 13 avvik ift personskade, ingen avvik har ført til legebehandling.

Vinjar barnehage

I månadane januar til april er det meldt inn 5 avvik i eininga. To av avvika var brot på eigne rutinar og prosedyrar, dei er tatt opp i personalgruppa til påminning og utbetring. Elles har avvika vore byggmessige, der dei mest alvorlege gjeld lekkasje i den delen av barnehagen som er nybygd. Denne lekkasjen har vore meldt inn over lengre tid, utan at ansvarleg byggfirma vil utbetra feila/ skaden på bygget.

Utleikeklasskontrollen avdekka fleire avvik på leikeapparat. Dei er nå under behandling, og vert følgt opp av vaktmeister og einingsleiar.

Samtidig har det vore oppdag mange tilfeller av insektet Skjeggkre. Anitcimec er kobla inn, og undersøker dette nærare.

Under tilsynet frå Miljøretta helsevern i 2015 vart det påpeika at golv og vegger i den eldste delen av bygget var slitt og hadde behov for ei

oppgradering. Dette vart ikkje eit eige avvik, men ein burde leggja til rette for oppgradering av dette om ikkje alt for lang tid, då også reinhalderane har påpeika at golva er tunge å reinhalda. Det er også behov for måling av vegger.

Vinjar skule

Etter tilsynet på uteområdet blir det jobba med avvika. Det vart registrert totalt 19 avvik. Mange av avvika er allereie lukka og resten av avvika er planlagd lukka innan utgangen av juni

Har behandla 5 avvik frå personal, 4 av dei går på frustrasjon på at pc ikkje har virka, problem med tilganger.

Eit avvik går på fysisk vold mot medelev og tilsett.

Rådmannen

Det er mottatt 2 avvik i perioden. Begge er handterte og lukka.

Suldal sjukeheim

12 avvik i det ordinære avvikssystemet.

Halvparten handlar om utagering frå brukar mot personal.

I pasient-journal er det registrert 196 avvik. 46 av desse er fall, ingen med større skadar.

47 om at pasient nekta å ta mot legemiddel.

26 utagering frå pasient. 25 rutinesvikt. 27 er om legemiddel til feil tid. Dette skuldast ofte at pasient sov eller nekta å ta legemiddelet,

men og at det var gløymt ut. 7 systemavvik. 9 feilmedisinering, feil dose eller at pasient spytta ut så ein er usikker på dose. 5 skade/

nesten skade på pasient, ingen alvorlege skadar.

Talet avvik i journal har vært sterkt aukande siste året. I stor grad skuldast det at vi har hatt fokus på viktigheten av å melda desse, og det er blitt prioritert å gjere det. Samstundes er talet så stort, at vi går nøye gjennom desse, og ser etter forklaringar og måtar å få tala ned på.

Jelsa bu- og omsorgssenter

Alle avvik er lukka og behandla. Lekkasjen på taket er blitt fiksa.

Vinjar bu- og omsorg

Me har 6 avvik. Desse går på manglande prosedyre/rutinar. To av desse er test for å sjå at avvika kjem fram.

Interkommunalt PPT kontor Suldal og Sauda

Kommentarar relatert til internkontrollen / interne rutinar.

Etter samanslåinga har ein internt hatt utfordringar i høve til postrutinar, data- og arkivering. Ein arbeider med å korta ned sakshandsamingstida.

Elles ingen melde avvik i høve interne rutinar for eiga eining, men fleire avvik er sende vidare for lukking av andre einingar.

Kjølvikstølen barnehage

Kjølvikstølen Barnehagen har fått avvik på internkontrollperm som ikkje var oppdatert og hadde ein del mangelfulle rutinar. En del avvik gjekk på uteområde og leigde lokale.

Kjølvikstølen barnehage måtte laga kvileskur ute, dette vert plassert i reidskapsbod. Lagring av det som var i reidskapsboda er nå på Marvik skule. Barnehagen har behov for reidskapsbod.

Sand bu- og omsorgssenter

Alle avvik er lukka og behandla. Avvika skyldast i hovudsak manglande utføring av rutinane våre.

Helse

Det har blitt meldt fem kvalitetsavvik i 2017.

Alle omhandlar samhandling av journalsystem mellom sjukeheim og legekontor.

Vanvik oppvekstsenter

Det er meldt inn avvik på leikeplassen. Eit apparat er stengt og ventar på utbetring. Det er også meldt inn avvik på montering av nye leikeapparat, som vart montert feil etter vårt syn. Er i dialog med teknisk drift om desse.

Sjukemeldingar/Arbeidsmiljø

Område	31.12.2015	30.04.2016	30.08.2016	31.12.2016	30.04.2017
Administrasjonen	10,9	8,0	8,2	8,7	19,4
Helse, pleie og omsorg	9,7	7,9	7,7	8,5	9,6
Oppvekst	8,5	7,8	6,6	7,0	9,0
Teknisk og kultur	5,7	4,7	4,3	3,3	4,6
Totalt	8,7	7,3	6,8	7,1	8,8

- Administrasjonen består av servicetorget, kommunekassen, løn og personale og stab
- Helse, pleie og omsorg består av sjukeheimen, heimetenesta, Suldal bu- og aktivitetstiltak, nav og barnvernstenesta
- Oppvekst består av skule, barnehage og ppt
- Teknisk og kultur består av teknisk drift, kultur og bygdeutvikling

Sjukefråværet har vore underrapportert med ca 0,4 prosentpoeng dei siste åra. Ein av fråværskodane for «sjukefråvær barn» har ikkje vore med i rapporten. Den er med i rapporteringa for 1. tertial 2017.

Sjukefråværet har gått opp på alle områda.

- Administrasjonen: fleire langtidssjukemeldingar grunna operasjon og svangerskap
- Helse- pleie og omsorg: fleire langtidssjukemeldingar av helsemessige orsakar. Det har ikkje blitt meldt om arbeidsrelatert sjukefråvær.
- Oppvekst: På ein skule har det vore sjukemelding knytt til arbeidssituasjonen. AMU har tatt tak i det.
- Teknisk og kultur: sjukefråværet er på same nivå som 1. tertial i fjor.

Barnevern melder om utfordringar knytta til samanslåing av kontora i Sauda og Suldal. Me veit ikkje om det kan henge saman med aukande sjukefråvær. Ein barnehage meldar at prosessar i samband med nytt barnehageopptak på våren påverkar arbeidsmiljøet med usikkerhet.